

VEDTEKTER FOR KRAFTFONDET I KVAM

§ 1 Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning

a. Fondskapitalen er:

Kraftfond/Næringsfond på 1.million kroner, innbetalt av Bergen Lysverker i medhald av punkt 2 i konsesjonsvilkåra 26. juni 1981 for regulering og utbygging av Kvitingen Kraftverk.

b. Avkastningen er:

- Årlege konsesjonsavgifter som blir innbetalt til Kvam herad i medhald av tidlegare og seinare konsesjonar.
- Renter og annan avkastning av fondskapitalen.

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for kraftfondet og må disponerast i tråd med vedtektene. Avkastinga kan nyttast til tilskot og/eller lån, medan fondskapitalen på 1 million kroner ikkje kan nyttast til lån eller tilskot.

OVERSIKT OVER KONSESJONAR

Eigar	Verknr	Kraftverk	Kons-dato	Tekst
BKK Produksjon AS	56	DALE	13.07.1928	Bergsdalsv reg/overf Torfinno Reg. av Bergsdalsvassdraget
			02.07.1948	Ytt. reg. overf. Bergsdalsvdr.
			31.08.1962	Overf. Ljosvatn/Holmavatn
			24.04.1964	Y.senk. Hamlagrø overf.
	96	FOSSE	13.07.1928	Bergsdalsv reg/overf Torfinno Reg. av Bergsdalsvassdraget
			02.07.1948	Ytt. reg. overf. Bergsdalsvdr.
			31.08.1962	Overf. Ljosvatn/Holmavatn
			24.04.1964	Y.senk. Hamlagrø overf.
	99	FRØLAND	18.05.2000	Ny kons. Samnangervassdr.
	120	GRØNSDAL	18.05.2000	Ny kons. Samnangervassdr.
	194	KALDESTAD	13.07.1928	Bergsdalsv reg/overf Torfinno Reg. av Bergsdalsvassdraget
			02.07.1948	Ytt. reg. overf. Bergsdalsvdr.
			31.08.1962	Overf. Ljosvatn/Holmavatn
			24.04.1964	Y.senk. Hamlagrø overf.
225	KVITTINGEN	18.05.2000	Ny kons. Samnangervassdr.	
603	MYRA	18.05.2000	Ny kons. Samnangervassdr.	
Kvam Kraftverk AS	193	KALDESTAD	10.03.1989	Overf. Lysenelv reg. Finnhell.
	388	SKULAFOSSEN	22.11.1957	Reg. overf. Tordalsvassdraget
Statkraft Energi AS	26	BJØLVO	07.04.2000	Bjølvo krv, rehab./utvidelse

§ 2 *Føremål*

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål, som for eksempel bedriftsstøtte, tilretteleggjing for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meir. Fondet kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmidlar.

Fondsmidlane kan ikkje nyttast til løpande drift av kommunen. Unntak er renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondets formål og lønn av nærings sjef som forvaltar fondet.

Det kan ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekkja avdrag og renter på lån eller løypande drift.

Det bør ikkje gjevast støtte til verksemdar som mottek betydelege overføringar over statsbudsjettet.

§ 3 *Former for stønad*

Stønad gjennom kraftfondet kan gjevast i form av tilskot eller lån.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

§ 4 *Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området*

Bruken av kraftfondet skal vera i samsvar med det internasjonale reglane Noreg har slutta seg til på statsstøtte.

§ 5 *Forvaltning*

Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter og avdrag tilbakeførast til fondet.

§ 6 *Årsmelding og rapporteringsplikt*

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for heradsstyret kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 7 *Godkjenning av vedtektene*

Heradsstyret skal gjera vedtak om endring av vedtektene.
Vedtak om endring av vedtektene for kraftfondet skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.
Kopi av godkjende vedtekter vert å sende Fylkeskommunen.